

---

# FORSKRIFT OM VASS- OG AVLØPSGEBYR FOR BREMANGER KOMMUNE

Vedteke av kommunestyret 25.04.2024, sak 026/24, i medhald av lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova) § 3 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning kap. 16.

Kommunen sine abonnentar betaler for vass- og avløpstenester levert av kommunen. Forholdet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter, samt av lokale reglement, regulativ og dokument. Dei viktigaste er:

1. [Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg \(vass- og avløpsanleggslova\)](#)
2. [Forskrift av 01.06.04 nr 0931 om begrensning av forurensning](#) kap 16 vedk. kommunale vann- og avløpsgebyrer
3. [Forskrift 11. desember 2019 nr. 1731](#) om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer (selvkostforskriften)
4. Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Bremanger kommune (denne forskrifta)
5. Andre dokument: Gebyrregulativ (vedteke årleg)  
Standard abonnementsvilkår for vann- og avløp (tekniske og administrative retningslinjer)

## § 1 Føremål

Forskrifta gjev retningslinjer for utrekning og innbetaling av dei gebyra abonnentane skal betale for dei vass- og avløpstenestene kommunen leverer.

## § 2 Verknadsområde

Forskrifta gjeld alle abonnentane for kommunale vass- og avløpstenester, jf. definisjon i §3.

## §3 Definisjonar

- Abonnent:
  - eigar/festar av eigedom som er registrert i matrikkelen med eige gards- og bruksnummer, eller eige festenummer eller seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer), som er tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning. Det same gjeld festar av eigedom der festeavtalen ikkje er registrert i matrikkel (tinglyst), men der festaren eig bygningane som er plassert på tomten og utøver festerett slik det går fram av lov om tomtefeste. For festeavtaler med kort festetid (feste til anna enn bustad og

fritidsbustad), kan det vere avtalt at annan enn festaren skal vere abonnent.

- Eigar/festar av eigedom som kommunen i medhald av plan- og bygningslova §§ 27-1 eller 27-2 har kravd tilknytt kommunal vass- eller avløpsleidning.
- Avløpsleidning  
Separat leidning for avløp frå sanitærutstyr og industriproduksjon (spillvassleidning) eller fellesleidningar for spillvatn og overvatn. Med overvatn blir det i denne samanhengen meint avløp frå tak-, overflate og drenering.
- Bruksareal (BRA) etter NS 3940 (forenkla)  
Bruksareal omfattar arealet innanfor dei omsluttande veggane på bustaden og del av fellesareal som tilhøyrer bustaden men som ligg utanfor dei omsluttande veggane. For detaljar sjå NS 3940.
- Bruksendring  
Med endring i bruken av eigdommen meiner ein her endring mellom ulike kategoriar, som for eksempel bustad, fritidsbustad/hytte og nærings-/offentleg verksemd.
- Bueining  
Husvære med separat inngang, eitt eller fleire opphaldsrom og i tillegg eige bad/wc og kjøkkendel.
- Felles privat stikkleidning  
Leidning eigd i fellesskap av abonnentar tilknytt som er kommunalt leidningsnett via denne, eller privateigd stikkleidning ut frå kommunalt leidningsnett som også andre abonnentar er tilkopla.
- Fritidsbustad/hytte  
Fast eigedom med bygg som er regulert/godkjent til fritidsbustad/hytte. Dersom bustadhus som vert nytta som fritidsbustad skal bli definert som fritidsbustad må det søkjast om bruksendring etter plan- og bygningslova.
- Kommunal vass- og avløpsleidning  
Leidningar som er kommunal eigedom ved at dei er kosta eller overtekne av kommunen.
- Kombinasjonsbygg  
Bygg med både bustad(er) og næringsverksemd.
- Tenestevilkår  
Eit dokument som skildrar abonnentane og kommunen sine rettar og plikter, kva som skjer når desse ikkje vert haldne og kva høve til klage/sanksjon som finst.

#### § 4 Gebyrform

Fylgjande gebyr gjeld for vass- og avløpstenestene:

- Eingongsgebyr for tilknytning (tilknytingsgebyr)
- Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr)
- Gebyr for midlertidig tilknytning
- Tilleggsgebyr
- Gebyr for leige av vassmålar/administrasjon av ordninga med vassmålar

#### § 5 *Eingongsgebyr for tilknytning (tilknytingsgebyr)*

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg krev at det vert betalt eingongsgebyr for tilknytning til vass- eller avløpsstenester.

Eingongsgebyr for tilknytning (tilknytingsgebyr) for vatn og/eller avløp skal betalast:

- ved fyrstegongs oppføring av bygg som blir tilknytt kommunal vass- eller avløpsleidning
- når eigedom det er hus på, blir knytt til kommunal vass- og/eller avløpsleidning
- når dimensjon på inntaksleidning/avløpsleidning vert auka som fylgje av auka vassforbruk eller t.d. dimensjonering for sprinkleranlegg eller liknande
- for eksisterande eigedom/bygg med tilknytning som ikkje er godkjent.

Ved utviding av eksisterande bygg skal det ikkje betalast nytt tilknytingsgebyr dersom dimensjon på vass- og avlaupsleidning ikkje vert auka. Ved auka leidningsdimensjon skal det betalast tilknytingsgebyr tilsvarande differansen mellom tidlegare og ny dimensjon.

Tilknytingsgebyret blir fastsett ut frå dimensjon på inntaksleidning/avlaupsleidning.

Abonnentar med bustad- og fritidseigedommar skal betale standard sats (S). For alle andre eigedommar (næringsbygg, offentlege bygg, driftsbygningar og kombinasjonsbygg) blir tilknytingsgebyret fastsett etter dimensjon på inntaksleidning/avløpsleidning slik:

- |  |       |
|--|-------|
| • Vassleidning mindre eller lik 40 mm inntak | 2 x S |
| • Vassleidning 40-110 mm inntak              | 4 x S |
| • Vassleidning over 110 mm inntak            | 6 x S |
| • Avløpsleidning t.o.m 110 mm                | 2 x S |
| • Avløpsleidning 110-200 mm                  | 4 x S |
| • Avløpsleidning over 200 mm                 | 6 x S |

Standardsats for eingongsgebyr ved tilknytning vert fastsett årleg av kommunestyret og går fram av gebyrregulativet.

Kostnader til etablering av vass- og avløpsanlegg for feltutbygging og/eller større industrietableringar kan finansierast gjennom særlege utbyggingsavtaler.

Abonnent som må installere pumpe eller har andre store anleggskostnader for å kople seg til det kommunale nettet, kan få reduksjon/fritak frå tilknytingsgebyr etter søknad og dokumenterte kostnader. Vedtak om reduksjon/fritak vert gjort administrativt.

Det kan ikkje gjevast større reduksjon enn det faktiske tilknytingsgebyret innanfor kvar kategori. Eigedommar som ligg forholdsvis langt unna kommunalt nett, kan ikkje krevje å få dekt meirkostnad med tilknytning når eigar sjølv søker om tilknytning.

Dersom kommunen overtek private vass- og/eller avløpsanlegg kan kommunestyret i kvart enkelt tilfelle avgjere om det skal reknast inn ein rabatt i tilknytingsgebyret.

## § 6 Årsgebyr

Årsgebyret skal betalast av alle abonnentar og er samansett av to deler:

- abonnementsgebyr
- forbruksgebyr

Samla abonnementsgebyr for høvevis vatn og avløp skal dekkje dei faste kostnadane som kommunen har på desse sektorane. Forbruksgebyret skal dekkje dei variable kostnadane.

Kor stor del av årsgebyret den faste og variable delen skal utgjere, og storleiken på abonnementsgebyr og forbruksgebyr blir fastsett kvart år i gebyrregulativet.

For eigedom som ikkje vert brukt til bustad/fritidsbustad, og der kommunen sine kostnader ved vassproduksjonen er vesentleg lågare enn den øvrige vassproduksjonen (t.d. ved levering av råvatn), kan årsgebyret for vatn reduserast etter avtale.

### **Abonnementsgebyr**

Abonnementsgebyret vert rekna ut frå dimensjon på inntaksleidning/avløpsleidning og skal betalast for alle abonnentar, jf. definisjon i §2. For bustad- og fritidshus skal det betalast abonnementsgebyr tilsvarende 1N (normalsats) pr bueining. For einebustad med inntil ei ekstra bueining skal det berre betalast eitt abonnementsgebyr.

For alle andre eigedommar (næringsbygg, offentlege bygg, driftsbygningar og kombinasjonsbygg), blir abonnementsgebyret fastsett etter dimensjon på inntaksleidning/avløpsleidning slik:

- Vassleidning mindre eller lik 40 mm inntak 2 x N
- Vassleidning 40-110 mm inntak 4 x N
- Vassleidning over 110 mm inntak 6 x N
- Avløpsleidning t.o.m 110 mm 2 x N
- Avløpsleidning 110-200 mm 4 x N
- Avløpsleidning over 200 mm 6 x N

### **Forbruksgebyr**

Næringseigedommar, offentlege verksemdar og kombinasjonsbygg som har installert vassmålar betaler forbruksgebyr basert på faktisk (målt) vassforbruk og pris pr m<sup>3</sup>.

Fritids-/hytteabonnentar betaler enten etter faktisk (målt) vassforbruk eller som stipulert forbruk basert på utrekning av bruksareal i høve til NS 3940 korrigert med ein omrekningsfaktor på 0,4 (forventa brukstid) og pris pr m<sup>3</sup>.

Øvrige abonnentar betaler etter faktisk (målt) vassforbruk eller stipulert forbruk basert på utrekning av bruksareal i høve til NS 3940 og pris pr m<sup>3</sup>.

Stipulering av vassforbruket vert gjort på følgjande måte:  
Bruksareal BRA (m<sup>2</sup>) x spesifikt forbruk (m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>). Spesifikt forbruk er sett til 1,2 m<sup>3</sup> pr m<sup>2</sup>.

Forbruksgebyr ut frå stipulert vassforbruk blir fastsett slik:

- Bustader med bruksareal under 100 m<sup>2</sup>, skal betale etter eit stipulert vassforbruk tilsvarande 100 m<sup>3</sup> (tilsvarande gj.snittleg bruksareal på 80 m<sup>2</sup>)
- Bustader med bruksareal over 100 m<sup>2</sup>, men under 250 m<sup>2</sup>, skal betale etter eit stipulert forbruk på 200 m<sup>3</sup>. Dette tilsvarer om lag eit bruksareal på 160 m<sup>2</sup>.
- Bustader/bygg med bruksareal over 250 m<sup>2</sup> skal betale etter eit stipulert forbruk på 310 m<sup>3</sup> (tilsvarande bruksareal på 260 m<sup>2</sup>).

For bustader/bygningar med bruksareal større enn 350 m<sup>2</sup> og for jordbrukseigedomar skal forbruket målast.

Både kommunen og abonnenten kan krevje at forbruksgebyret vert fastsett ut frå målt forbruk.

For alle abonnentar gjeld at avløpsmengde vert rekna likt vassmengde, for avvik sjå §8.

#### § 7 *Vilkår for installasjon og drift av vassmålar*

Kommunedirektøren fastset reglar for installering og bruk av vassmålar. For dekking av kostnadane knytt til installasjon og drift av vassmålar gjeld to modellar:

##### Alternativ 1 Gebyr for leige av vassmålar

Vassmålaren er kommunen sin eigedom. Kommunen fastset type og storleik på målar, og installasjon og bruk av vassmålar skal vere i samsvar med reglar for bruk av vassmålar. Abonnenten betaler kostnaden med installasjon av målaren, og eit årleg gebyr for leige.

##### Alternativ 2 Gebyr for administrasjon av ordninga med vassmålar

Abonnenten må sjølv koste innkjøp, installasjon og drift (ettersyn/kalibrering) av vassmålar. Kommunen fastset type og storleik på målar, og installasjon og bruk av vassmålar skal vere i samsvar med reglar for bruk av vassmålar. Abonnenten betaler eit gebyr til dekking av kommunen sine kostnader med å administrere ordninga med vassmålar.

Storleiken på gebyret for begge alternativ går fram av gebyrregulativet som blir fastsett av kommunestyret årleg.

Alle sanitæranlegg skal tilretteleggjast slik at det kan monterast vassmålar på ein høveleg stad og med rimelege kostnader.

Eigedomar som har installert vassmålar, skal lese av vassmålaren minst éin gong i året, og levere resultatet til kommunen.

#### § 8 *Avvik i årsgebyret*

Dersom avløpsmengda frå ein abonnent er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruk, kan forbruksgebyret for avløp baserast på målt eller stipulert avløpsmengde (utslepp).

Dersom samansetninga av avløpsvatnet avvik vesentleg frå vanleg hushaldningsavløp og påverkar kostnadene ved drift og vedlikehald av kommunen sine avløpsanlegg, kan det bereknast eit tillegg eller frådrag til avløpsgebyret. Storleiken på tillegget/frådraget blir fastsett ved avtale, eller av kommunen dersom ikkje avtale kjem i stand.

Ved toalettssystem som ikkje brukar vatn, kan det gjevast frådrag i forbruksgebyret for vatn og avløp på inntil 25 % når forbruket er stipulert. Frådraget i forbruksgebyret kan gjevast etter skriftleg søknad frå abonnenten.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse av vatn eller mottak av avløp gjev ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra. Tilhøve som kan gje grunnlag for reduksjon av gebyra skal gå fram av eventuell kommunal tenesteskildring.

#### § 9 *Midlertidig tilknytning*

Midlertidig tilknytning gjeld for arbeidsbrakker og andre bygg av midlertidig art som har innlagt vatn og kun skal brukast ei avgrensa periode.

Det skal ikkje betalast eingongsgebyr for tilknytning, men alle kostnader med tilknytning og fråkopling skal belastast eigar/festar av eigedommen.

Eigar/festar av eigedommen skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar og satsar for næringsverksemd, med avrekning i høve til den tida tilknytninga er operativ.

Midlertidig tilknytning gjeld for eitt år, med høve til å søkje om forlenging.

#### § 10 *Tilleggsgebyr*

Gebyrpliktige som ikkje følgjer pålegg og på den måten aukar belastninga på nettet og kommunen sine kostnader, skal ileggast eit tilleggsgebyr. Storleiken på gebyret vert fastsett av kommunen og skal vere i samsvar med kostnadane knytt til tilhøvet.

Dette gjeld t.d. ved pålegg om:

- å utbetre lekkasje på stikkleidningar
- manglar på kloaknettet eller sanitærutstyr som fører til auka belastning på nettet
- brot på vatningsrestriksjonar

Tilleggsgebyret gjeld ved 2. gongs pålegg og blir berekna for den tid pålegget ikkje er innfridd. Gebyret må betalast inntil pålegget er teke til følge.

### *§ 11 Innbetaling av gebyr*

Abonnenten står ansvarleg for innbetaling av gebyr.

Årsgebyr for vatn og/eller avløp skal fakturerast for kvar bueining som er tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning.

Tilknytingsgebyret forfell til betaling seinast ved tilknytning. Arbeid som krev byggjeløyve etter plan- og bygningslova §20-1, medrekna graving og fylling må ikkje setjast i gong før gebyret er betalt. Kommunen sender faktura for eingongsgebyr for tilknytning til abonnenten samtidig som igongsetjingsløyve (byggjeløyve) vert gjeve eller når eksisterande bygg vert tilkoplta kommunal leidning. Formannskapet kan dispensere frå det som er nemnt.

Årsgebyret (abonnementsgebyr og forbruksgebyr) vert innkravd terminvis, og skal reknast frå og med månaden etter at eigedommen er tilknytt kommunalt leidningsnett eller pålegg om tilknytning er utsendt.

Gebyr for midlertidig tilknytning og tilleggsgebyr blir fakturert særskilt.

Dersom bustaden ikkje skal brukast over lengre tid (eitt år eller meir), kan det etter søknad til kommune gjevast fritak for årsgebyret. Vassforsyninga skal då fysisk koplast frå kommunalt leidningsnett. Abonnementet opphøyrer når kommunen får melding frå rørleggjar om at anboringa er plombert. Ved ny tilknytning av eigedommen vert det ikkje kravd nytt eingongsgebyr for tilknytning, men abonnenten må ta alle kostnader med fråkopling og ny tilkopling utført i samsvar med kommunale krav.

Etter søknad kan bustad som står tom få fritak for forbruksgebyret og kun betale abonnementsgebyr for denne perioden (gjeld forbruksgebyr ut frå stipulert vassforbruk). Bueininga må stå tom minimum eit halvt år for å få innvilga gebyrreduksjon, og tilhøvet må dokumenterast skriftleg. Søknad om reduksjon av gebyr må sendast inn på førehand.

### *§ 12 Innkrevjing av gebyr*

Krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedommen etter pantelova sin §6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

### *§13 Vedtaksmynde*

Vedtak etter denne forskrifta vert gjort av kommunedirektøren, eller den han delegerer mynde til.

### *§ 14 Sakshandsaming/klage*

Avgjerd etter denne forskrifta som er einskildsvedtak følgjer vilkåra i forvaltningslova kap. IV-VI. Slike vedtak kan påklagast. Klagen skal stilast til den kommunale klagemennda, men sendast til det organet som gjorde vedtaket. Klagefristen er 3 veker.

Storleiken på gebyra (gebyrregulativet) vert fastsett av kommunestyret.

Gebyrregulativet er ei forskrift som ikkje kan påklagast, jf. kap VII i forvaltningslova.

§ 15 *Iverksetjing*

Forskrifta trer i kraft 01.07.2024. Frå same dato blir Forskrift for vass- og avlaupsgebyr, Bremanger kommune, av 15.12.2009 oppheva.